



DEN NORSKE KYRKJA  
Knarvik sokn  
Postboks 228, 5903 Isdalstø

## FREDAGSKLUBBEN

Hei ungdom! Vil du jobbe for og med barn?

Me søker etter ungdommar som er interessert i å jobbe for og med barn i Knarvik kyrkje. Du vil få løn, og dessutan arbeidserfaring som gjer nytte til framtidige jobbar. Interessert? Ta kontakt!

### Du vil få

Relevant arbeidserfaring.

Løn etter gjeldande tariff.

Opplæring, tips og veiledning undervegs i arbeidstida.

Mulighet til å kome med idear og påvirke samlingane.

Arbeidsbekreftelse, nyttig på CV'en til framtidige jobbsøknadar.

Referanse til framtidige jobbsøknadar.

### Du må

Vere ærleg, møte presis, og ta ansvar. Ønske å vere saman med barn. Vere positiv til eit kristent livssyn. Bli 15 år i 2024, eller vere eldre.

### Formelle krav

I arbeidsmiljøloven står det at ungdom i skulepliktig alder kan jobbe maks to timar per dag, og at foresatte skriv under på at det er ok at deira ungdom har jobb i skulepliktig alder.

Politiattest må leverast.

### Arbeidsoppgåver

Gjere i stand før Fredagsklubben, hjelpe til med praktiske oppgåver undervegs, rydde etterpå.

Fredagsklubben er eit tilbod for alle born i 5.-7. klasse. Borna kan spele bordtennis, lufthockey, brettspel m.m. Fellesaktivitetar, open kiosk, kort bibelsamling. Innimellom er lydstudioet ope. Det er ansvarlege vaksne tilstades.

Fredagsklubben er på fredagar kl 18-20. Kyrkja treng hjelp kl 17.30-20.30. Pga maks to arbeidstimar per ungdom, anset me tre ungdommar som jobbar to timar kvar gong (ein jobbar kl17.30-19.30, to jobbar kl18.30-20.30). Arbeidstida rullerer mellom alle tre. Forbehold om justerte arbeidstider. Det er samlingar på fredagar i skuleåret, ca annankvar veke, totalt 8 samlingar hausten 2024. Første Fredagsklubb i haust er 23.august. Jobben gjeld i utgangspunktet for skuleåret 2024/2025.

Skriv ein kort søknad med informasjon om deg sjølv og kvifor du ønskjer å jobbe med juniorar i kyrkja. Har du spørsmål? Ta kontakt med Tone Marit Ø. Dyrkolbotn, mobil 404 64 119 (har ikkje mobil i ferien).

Send søknaden til Knarvik sokneråd v/dagleg leiar Synnøve Bjørndal, enten via [post.knarvik@kyrkja.no](mailto:post.knarvik@kyrkja.no), via postboks 228 - 5903 Isdalstø, eller kom innom kontoret i Knarvik kyrkje.

Søknadsfrist: Mandag 19.august 2024.